

Det karismatiske skrekkveldet er over i det gamle kaderpartiet. Lies testamente juksar med historia for å skada arvingane.

Den tredje. . .

Ein vulkan i utbrot er eit fascinerande skue. Det er farlig å vera nær når naturens urkrefter rører på seg, men du kan ikkje unngå å bli fanga av den eruptive krafta. Det er rett




ANDREAS HOMPLAND

SIDE- BLIKK

og slett vakert. Først etterpå ser du dei katastrofale konsekvensane – når lavastraumen har brent opp alt liv og aske-regnet legg seg kjøvande over omgivelsane. Sånn er det med Haakon Lie også. Då han hadde eit av sine utbrot i forrige veke, sjokkaskadde han som vanlig omgivelsane. Dei erfarne visste at det ikkje er mulig å diskutera med ein eldsprutande bauta-stein. Dei heldt seg på ærbødig avstand frå eksplosjonen og pissa han oppetter ryggen i håp om at han ikkje oppdaga ironien og vende bannstrålen mot dei. Som ein anklaga i Moskva-prosessane tok skulegutten Torbjørn Jagland utan å mukka mot dommen om at for han var det inga tilgiving. Mens den uforvarande Kristin Halvorsen frå «sprettlort-partiet» blei konfirmert med så mye gamaltestamentlig vrede og ein klem etterpå at ho er tildelt borgardådsmedalje for å ha overlevd manndomsprøven.

NAr Haakon Lie som reinkarnasjonen av Martin Tranmæl dømmar levande og døde, tolkar historia og gir gode råd for framtida, er det med respekt å melde det brennande hjertet, den manande stemmen, det glødande kroppsspråket og den profetiske intensiteten vi opplever. Som den store retorikar og intuitive posør han er, fører han både seg sjøl og andre. Vi må få tenkt oss om for å sjå at han for det meste fær med sjølmotseiingar:

Martin ville i dag ha sett foten ned for det bakstreverske Senterpartiet, men i boka skriv faktisk Lie at det var Tranmæl som pressa Nygaardsvold til kriseforlik med Bondepartiet to år etter Quisling. Partiets nasjonal-økonomiske og keynesianske politikk med streng offentlig styring i 30-åra – eit slags sosialdemokrati i eitt land – gjer han til eit forbilde i EF-internasjonalsme. Den kalde krigaren snakkar seg varm om at han smidde våpna om til plogjern. I ei underlig røre av historisk nødvendighet og rein voluntarisme viser Lie at samfunnsutviklinga har fjerna Arbeiderpartiets sosiale basis, men manar fram ei fornying på basis av dei gamle gruppene. Gro og Thorvald og andre av dagens drittsekkar har ikkje skit under negla som Lies heitar fra folkedjupet, mens faktisk er at det var fleire embets-



HÅKON Lies avskilsfram-syning viste eit bål av vilje og ein vegvisar på gjengrodd stiar.

(Foto: Tom Martinsen)

INGEBORG Refling Hagen – også mild som ein engel og skarp som eit barberblad. (Foto: Odd Wentzel)

eksamenar i Gerhardsen sine regjeringar enn i Gro sine.

Haakon Lie omarbeidde i si tid ei advarande, anti-kommunistisk og svært amerikansk bok om kaderpartiet til norske forhold, men sjøl praktiserte han lærdommane. Han er eit av dei få eksemplar av arten stalinistisk mccarthyist. Uenighet var svik. Opposisjon var å dolka Haakon og Partiet i ryggen. Det er lett å forstå den karismatiske gløden han skapte, men også skrekkveldet. Han har personlig skjelt ut og drive politisk og psykisk terror mot mange av Arbeiderpartiets leiande kadrar i dag. Noen stakk seg bort og sto han av, mens andre blei knekt. Bare kaninar og spytt-slikkarar blomstra i hans nærhet – dei som ikkje hadde evne eller vilje eller mot til å stå for sjølstendige tankar. Det var derfor dei var der. Dei blei til gjengjeld trekt inn i leirbålets fortrulige og konspirative mystikk.

Det har bare vore to psykopatar i norsk politikk, ifølge Haakon Lie: Vidkun Quisling og Peder Furubotn. Han sjøl utvil-somt den tredje mann, utan at eg skal gå inn i noen diagnose-konkurranse. Politisk manikar med hysteriske og paranoide

trekk held lenge.

Eit av dei mest originale bi-drag til studiet av politisk psykologi, er Ingvald Nissens bok «Psykopatens diktatur». Han jaktar på grunnlaget for suggesjonen i massebevegelsar, den som får dei til å framstå som ein-spøra, kraftfulle og oppslukande. Han finn det i det hemmelige mannsforbundets disiplinerte askese, men også i førerens stil og hersketeknikk som inngir normale menneske med skrekk, dårlig samvit og underkastning.

Karin Sveen har gitt ein god parallell i skildringa av Suttung-dronninga Ingeborg Refling Hagen som eit kulturens motstykke til Haakon Lie: «Hun var en høvding i sin tid, en type personlighet vi har svært få av i dag. Ingen forbandt henne med alder, hun strålte av livsglede og intensitet, og hun stjal makta fra hvem som helst. Hun var en gammeltestamentlig profet – mild som en engel og skarp som en barberkniv.»

Eg seier med Ole Paus: «Du har hatt din tid og du har fått din sang, og det blir aldri mer noen annen gang, min venn.»

Eit langt politisk liv er slutt. Haakon Lies epoke. Og takk for det.

100834